

Michael Jackson

Michael Joseph Jackson blei fødd i 1958 i USA. Han hadde åtte søsken. Familien på 11 personar budde saman i ei leilegheit med to soverom og eitt bad. Dei var fattige.

Heime hos familien Jackson var det alltid song og musikk. Alle spelte instrument, og Michael hadde talent for å danse. Han hadde dansa til rytmen frå vaskemaskinen då han var eitt og eit halvt år gammal. Song bra gjorde han også. Derfor fekk han vere med i bandet til dei eldre brørne sine. Han blei vokalist i bandet. Dei kalla seg The Jackson 5. Fordi dei var fem brør.

Pappaen til Michael dreiv dei hardt. Han var veldig streng, og dei måtte øve kvar dag både før og etter skulen. Han slo dei og piska dei om dei ikkje øvde nok. Han kunne hengje Michael opp ned eller stengje han lenge inne i eit skap om han ikkje var nøgd med innsatsen. Men trass i at han kunne vere slem og streng, så lærte dei mykje av han.

Michael studerte mange kjende artistar og lærte seg dansetrinna deira. The Jackson 5 vann talentkonkurransar og begynte å bli kjende og tene pengar. Då Michael var ni år, flytta familien til California. Den som fekk mest merksemd, var den yngste av dei alle: Michael. Han hadde rytme i kroppen sin og dansa utruleg bra. 13 år gammal gav han ut den første solosingelen.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 6B side 231.

Gjer oppgåvene 4, 5.



Michael Jackson
14 år.